



Internt klima- og miljøhandlingsprogram 2022

Innhald

Klima- og miljøleing i Vestland fylkeskommune	3
Kopling til regionale planar, mål og strategiar	3
Internt klima- og miljøhandlingsprogram 2022.....	5
Innsatsområde 1: Klimabudsjett og mål om netto-nullutslepp 2030	6
Innsatsområde 2: Miljøfyrtårn og sertifisering av nye einingar	6
Innsatsområde 3: Interne miljøtilskot, utvalde prosjekt og kampanjar.....	7
Innsatsområde 4: Plaststrategi og intern oppfølging	8
Innsatsområde 5: Kopling til regional klimaplan og kommunesamarbeid	8
Vedlegg 1: Tiltak i klimabudsjett for 2022	9

Klima- og miljøleing i Vestland fylkeskommune

Internt klima- og miljøhandlingsprogram for 2022 syner tiltak i eiga verksemd som bidreg til å nå overordna målsettingar for klima og miljø sett i regional Utviklingsplan og regionale planar.

[Utviklingsplan for Vestland](#) set retning for samfunnsutviklinga i fylket. Eit av dei fire hovudmåla i planen er at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga.

Då planen vart vedteken av fylkestinget i september 2020, vart det stadfesta gjennom strategiar at:

- Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030 (strategi 2.1)
- Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar (strategi 2.2)
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp (strategi 2.3)

Dette påverkar korleis det vert jobba med klima- og miljøutfordringar i eigen organisasjon.

Klima- og miljøleing har som formål å regulere organisasjonen sin verknad på det ytre miljøet og inkluderer dermed også klimaspørsmål. Overordna mål for verksemda innan klima og miljø skal gjennomførast og rapporterast på linje med økonomiske og andre mål. I tillegg til plansystemet, gir kvalitetssystemet ei forankring for intern klima- og miljøleing gjennom dokumenta «Miljøleing i Vestland fylkeskommune» og «Årleg rutine for miljøstyring i Vestland fylkeskommune» som seier korleis organisasjonen skal jobbe for å nå måla. Dei ulike avdelingane har også eigne dokument i kvalitetssystemet som tek opp klima- og miljø.

Formålet er å gjere klima- og miljøsmarte val innan innkjøp, transport, energibruk og avfallshandtering gjennom heile året. Dette omfattar også store klimafotavtrykk frå tenestekjøp innan transport, bygg og anlegg. Klimasmarte innkjøp gir klimaomstilling også utover fylkeskommunen si eiga verksemd.

Langsiktige mål for Vestland som er sett i regionale planar og operasjonalisert gjennom kvalitetssystemet, gir kontinuitet i klima- og miljøleinga til fylkeskommunen. Miljøstyringssystemet gir rom for å justere når nye planar og politiske vedtak kjem.

Kopling til regionale planar, mål og strategiar

[Regional plan for berekraftig verdiskaping](#) konkretiserer strategi 2.1 i med definisjon av «netto nullutslepp» som følgjer:

- Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030
- Utsleppa vert rekna som CO₂-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO₂
- Alle fossile utslepp skal fjernast
- Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd
- Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som vert brukt til å berekne og rapportere klimagassutslepp.

[Regional klimaplan for Vestland](#) er i prosess og vert handsama av fylkestinget hausten 2022. Planen skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om eit samfunn med netto nullutslepp, som er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsending der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet.



Figur 2: Hovudområda i Klimaomstilling

Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet: *innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen*. Regional plan for klima skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

I den vidare planprosessen til Regional plan for klima, vil ein i løpet av 1. kvartal av 2022 leggje til rette for medverknad og samspel med fleire aktørarar i regionen, deriblant kommunar og relevante organisasjonar.

Likewise vil ein forsette dialogen med viktige samarbeidspartnarar *internt*, både for å sikre ein best mogleg klimaplan, men også for å sikre koplinga til andre [relevante planar](#) og prosessar i fylkeskommunen (ref. referatsak til Fylkesutvalet 09.02.22). Her kan nemnast [Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033](#) og [Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv](#) (skal gjelde frå 2023-2035).

Intern oppfølging av klima- og miljøtiltak

Internt klima- og miljøhandlingsprogram for 2022 viser nokre av fylkeskommunen sine bidrag inn i rekkja av tiltak for å nå mål i utviklingsplanen.

Fleire pågåande prosessar vil kunne ha betydning for korleis vi vidareutviklar den interne klima- og miljøoppfølginga i Vestland fylkeskommune. Dette inkluderer mellom anna utvikling av integrert styringsstruktur i den fylkeskommunale verksemda og oppfølging av mål, strategiar og tiltak i regionale planar sine handlingsprogram.

Det vært difor ei viktige utviklingsoppgåve i 2022 å bidra inn pågåande prosessar slik at vi oppnår samordna og integrert oppfølging av klima- og miljøhandling i verksemda. Her vil spesielt Regional plan for klima vere sentral i å avklare korleis den interne innsatsen innan klima og miljø i verksemda skal synleggjerast og følgjast opp vidare.

Internt klima- og miljøhandlingsprogram 2022

Avklaringar og avgrensingar i 2022

I den mellombelse fasen vi er inne, vil ein for 2022 byggje vidare på den praksis som er skildra i overordna styringsrutine for klima- og miljøleiing i kvalitetssystemet. Dette inkluderer oppfølging av klimabudsjett som styringsverktøy for å redusere utslepp av klimagass og forpliktingar i Miljøfyrtårnsertifiseringa til å sikre miljøomsyn i daglege avgjersler og drift.

Internt klima- og miljøhandlingsprogram for 2022, slik det ligg føre, er såleis ein arbeidsplan for å følgje opp igangsette tiltak i året som kjem medan det parallelt pågår eit samordningsarbeid med overordna plan- og styringsstruktur.

Tiltak som er knytt til tema som klimatilpassing og naturmangfald er ikkje inkludert i dette handlingsprogrammet. Dette tema som ein jobbar med i planprosessen til den regionale klimaplanen. Det vil vidare gjerast avklaringar om korleis dette kan følgjast opp internt som del av klima- og miljøoppfølginga i den fylkeskommunale verksemda.

Oversyn over samhandling i den intern klima- og miljøoppfølginga

- Samarbeid med ORO-økonomi om klimabudsjett er etablert. Samarbeidet har vist seg særst verdifullt for å utvikle eit klimabudsjett som er kopla på ordinær budsjettprosess og etablerte kontaktpunkt. Vidare utvikling av klimabudsjettet er ein kontinuerleg prosess for kople vurdering av klimatiltak enno betre med økonomiske prioriteringar.
- Det er månadlege møtepunkt mellom SUD-PKF og ORO-Innkjøp for samarbeid og erfaringsutveksling om miljøkrav i innkjøp.
- Årleg møtepunkt med dei vidaregåande skulane er del av årshjulet til miljøleiinga. I samarbeid med avd. for Opplæring og kompetanse vart «Miljøpedagogisk dag» gjennomført digital 27. oktober med over 40 deltakande rektorar, ass. rektorar og klima- og miljøkontaktar.
- Klima- og miljøkontakter i avdelingane er etablerte og er viktige kontaktpunkt i oppfølginga av mellom anna klimabudsjettet. Det er oppretta eigen Teams-kanal for deling av informasjon. Det vil i 2022 vere behov for å oppdatere kontaktane.
- Det er løypande dialog med ORO-HR om kvalitetssystemet i samband med klima- og miljøoppfølginga og årleg rapportering til miljørekneskapen.
- Månadlege møtepunkt sikrar samhandling om klimaarbeid mellom avd. for Innovasjon og næring ved Grøn vekst, klima og energi, Klimapartner Vestland og avd. for Strategisk utvikling og digitalisering ved Plan, klima og folkehelse.
- Det blir gjennomførast månadlege møte for erfaringsoverføring mellom tilsette som arbeider med ytre miljø i fylkeskommunen, med deltaking frå avd. for Infrastruktur og veg, Eigedom og Bybane utbygging i tillegg til seksjon for Plan, klima og folkehelse.
- Årleg datainnnsamling til klima- og miljørekneskapen til fylkeskommunen med bidrag frå organisasjonen

Innsatsområde 1: Klimabudsjett og mål om netto-nullutslepp 2030

Status 2021	Tiltak og oppfølging 2022
<p>Klimabudsjettet for 2022 i økonomiplanperioden 2022–2025 var Vestland fylkeskommune sitt andre klimabudsjett. Arbeidet følger same rutinar for rapportering som det ordinære budsjettet.</p> <p>I 2021 var klimavurdering:</p> <ul style="list-style-type: none">• del av rundskrivet til fylkesdirektørane om budsjettprosessen• tema i møte med budsjettringen 7. juni• del av sektorleveransen i august (ab.dok. 3/21)• tema i møtet med budsjettringen 1. september• del av orientering til finansutvalet i september som løypemelding• del av sektorleveranse i oktober (ab.dok. 5/21)• del av sektorkapitla og samla i kapittel 6 i budsjettboka (gir oversikt over status i klimagassutsleppa og tiltak p.t. for å redusere utsleppa) <p>Klimabudsjettet skal synleggjera og legge grunnlag for prioriteringar, styring og oppfølging av tiltak.</p>	<p>Klimabudsjettet omtaler tiltak for å redusere klimagassutslepp for å nå målsettinga om netto nullutslepp av direkte klimagassar i Vestland innan 2030.</p> <p>Klimabudsjettet viser også tiltak og verkemiddel som legg til rette for indirekte utsleppskutt og klimaomstilling, og syner til fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar. I 2022 vert det prioritert å jobbe med å redusere direkte utslepp av klimagassar.</p> <p>Klimabudsjettet er delt inn i tre tiltakstabellar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Tabell 1: Tiltak som reduserer direkte klimagassutslepp i Vestland (vedlegg s. 9)• Tabell 2: Tiltak som bidreg til indirekte utsleppskutt (vedlegg s. 10)• Tabell 3: Andre aktivitetar og verktøy som legg til rette for vidare klimaomstilling (vedlegg s. 11) <p>Oppfølging av tiltak i klimabudsjettet skjer i samarbeid med ORO-økonomi og følger budsjettprosessens framdrift og møteplan for finansutvalet.</p>

Innsatsområde 2: Miljøfyrtårn og sertifisering av nye einingar

Vestland fylkeskommune er sertifisert som Miljøfyrtårn, eit verktøy for miljøsertifisering og miljøleing. Å være Miljøfyrtårn inneber ein systematisk satsing på miljøtiltak i kvardagen som del av HMS-arbeidet. Fylkeskommunen nyttar kvalitetssystemet for å sikre samsvar i rutinar og styringsdokument i klima- og miljøoppfølginga. Målet er at alle einingar i Vestland fylkeskommune vert miljøsertifiserte. *Fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar* er tiltak i klimabudsjettet, jf. tabell 2 (tiltak 2f, s. 159).

Status 2021	Tiltak 2022
<p>I 2021 er følgjande deler av Vestland fylkeskommune re-sertifisert som Miljøfyrtårn:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fylkeshusa i Førde, Bergen og Leikanger• 10 vidaregåande skular• 2 tanntannklinikkar. <p>Klima- og miljøkoordinatorane i SUD-klima har fungert som konsulentar i prosessane. Sjølvsertifiseringa blir gjort av ein tredjeparts sertifiserer og godkjent av Stiftelsen Miljøfyrtårn i Norge.</p>	<p>Det er p.t. 19 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Det er eit mål å få sertifisert 10 nye skular og tanntannklinikkar i 2022. I 2022 kan 13 vidaregåande skular starte eit nytt sertifiseringsarbeid og fem vidaregåande skular skal resertifiserast.</p> <p>Fire skular har pågåande sertifiseringsarbeid og sju vidaregåande skular er ikkje sertifiserbare sidan dei manglar helseverngodkjenning for eitt eller fleire bygg. Planen er at desse skal dokumentere miljøleing i tråd med sertifiseringskrava og levere årleg klima- og miljørapport i Miljøfyrtårn sin portal.</p>

Innsatsområde 3: Interne miljøtilskot, utvalde prosjekt og kampanjar

Miljøtilskot til vidaregåande skule

Status 2021	Tiltak 2022
<p>Dei vidaregåande skulane vart inviterte til å søkje om Miljøtilskot til vidaregåande skule i våren 2021.</p> <p>11 vidaregåande skular fekk tilsegn frå denne ordninga, som vart utlyst saman med midlar ekstraordinære energitiltak og sykkelparkering. Midlar gjekk mellom anna til avfallshandtering, salatbar, kjøleskap, bestikk og servise i kantina for å unngå eingongsløysingar i plast, oppvaskmaskin i kantina, el-sykkel, lage bærhage og urtehage.</p> <p>Potten til ekstraordinære tiltak vart nytta til sykkelparkering/ladepunkt mm på Austevoll vgs/Fagskulen. Bergen katedralskole fekk ytterlegare tilskott til sykkelparkering fordi dei må dele anlegget i to.</p>	<p>Det vil bli lyst ut Miljøtilskot til vidaregåande skule for å støtte lokale klima- og miljøtiltak. Ulike tiltak for å få til ein berekraftig kvardag vil vere aktuelle. Skulen kan få tilskot til tiltak for gjenbruk, avfallsminimering, kampanjar, kurs, utstyr i kantine, meir berekraftig matsservering, tilrettelegging for meir berekraftige transport eller andre miljøaspekt kring skulen, alt etter lokale behov.</p>

Pilotprosjekt «Berekraftig kantine i Vestland fylkeskommune»

Status 2021	Tiltak 2022
<p>Fylkeskommunen er sertifisert som Miljøfyrtårn, som mellom anna sett krav til kantinedrifta vår med kriterier for korleis vi kan gjere matsserveringa meir berekraftig.</p> <p>I 2021 har Miljøfyrtårn oppdatert sine kriterier for å redusere fotavtrykket knytt til mat og verksemder som blir sertifisert etter dei nye kriteria skal:</p> <ul style="list-style-type: none">▪ Sette mål og tiltak for å auke andelen økologisk mat (min. 15 %)▪ Redusere forbruket av kjøtt, og bruke meir grønnsaker, korn, belgvekstar, frukt og bær▪ Gjere berekraftige val av kjøtt og sjømat▪ Prioritere kortreist og/eller sesongbasert mat <p>I perioden 2020/2021 er det gjennomført eit pilotprosjekt for å støtte vidaregåande skular i sitt arbeid med å møte føringane for berekraftig matsservering. Voss og Stryn vidaregåande skular har delteke som pilotskular i med eit ønskje om å satse på eit berekraftig og sunt mattilbod til sine elevar og tilsette. Dei har fått praktisk rettleiing frå Matvalget, som er ei nasjonale rettleiingsteneste for offentlege storhushaldingar.</p> <p>Resultata er samanfatta i ein eigen prosjektrapport. Ein kan også lese meir om pilotskulane i Klimamagasinet til Vestland fylkeskommune – Den grønne leiartrøya.</p>	<p><i>Berekraftige kantiner</i> er eit tiltak i klimabudsjettet, jf. tabell 2 (tiltak 2h, s. 160).</p> <p>Kantinene ved Stryn og Voss vidaregåande skular skapar gode døme som kan inspirere andre skular og kantiner i fylket. I tillegg er det fleire andre vidaregåande skular som ikkje har vore del av prosjektet, men som jobbar med dei same tema i måltidsproduksjon og opplæring. Å leggje til rette for å dele erfaringar og løysingar vil vere ei viktig oppgåve vidare.</p> <p>For å følgje opp arbeidet vidare og støtte skulane i nå måla, ønskjer seksjon for Plan, klima og folkehelse å vidareføre prosjektet og byggje vidare på pilotfasen som nå er avslutta. Med forankring i det interne klima- og miljøhandlingsprogrammet for 2022, ser ein føre seg å lyse ut nytt oppdrag med å rettleie skular i berekraftig matsservering.</p>

Sykkelsatsing

Status 2021	Tiltak 2022
<p>Det vart gjennomført <i>Sykle til jobben- aksjon</i> (gratis påmelding for alle tilsette, samt interne premiar) våren 2021.</p> <p>Deltakinga i aktivitetsskampanjen auka i 2021, og tilbakemeldingar frå hovudsakeleg vidaregåande skular har vore at det er særleg kjærkommen med slike aktivitetsskampanjar i ei tid med heimekontor og der det å danne lag med kollegaer gir næring til det sosiale så vel som det å bevege seg litt meir.</p> <p>Pandemisituasjonen har gjort gjennomføring av <i>sykkelverkstad</i> for tilsette i fylkesadministrasjonane utfordrande og er derfor ikkje gjennomført i 2021. Det vart tildelt tilskot til gjennomføring av sykkelverkstad for tilsette i vidaregåande skular og 6 skular fekk gjennomført tilbodet i 2021.</p> <p>Potten til ekstraordinære tiltak vart nytta til sykkelparkering/ladepunkt mm på Austevoll vgs/Fagskulen. Bergen katedralskole fekk ytterlegare tilskott til sykkelparkering fordi dei må dele anlegget i to.</p>	<p>Tiltaka som gjeld <i>Sykle til jobben – aksjonen</i> og tilbod om sykkelservice vert vidareført i 2022.</p>

Innsatsområde 4: Plaststrategi og intern oppfølging

Status 2021	Tiltak 2022
<p>Avdelingane rapporterte på kvar sine tiltak i plaststrategien til fylkesutvalet i juni 2021. Dei har ulik tilnærming til bruk av plast, og kvart hovudutval hadde gjennomføringa for sin sektor oppe til handsaming før FUV-saka. SUD-PKF koordinerte saka til FUV.</p>	<p>Avdelingane er ansvarlege for vidare gjennomføring av sine tiltak. SUD-PKF vil gå gjennom strategien med tanke på ytterlegare forankring i organisasjonen, forenkling og vidare utvikling, m.a. av indikatorar for måloppnåing. Dette vil bli presentert i politisk sak hausten 2022.</p>

Innsatsområde 5: Kopling til regional klimaplan og kommunesamarbeid

Status 2021	Tiltak 2022
<p>Kommunane er ei av målgruppene det vert satsa på i regional plan for klima. Det er etablert klimanettverk for kommunane der mellom anna klimabudsjett har vore tema gjennomført som ei webinar-rekkje i tre delar.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Kommunenettverket for klima vidareførast i 2022.• Det er samarbeid mellom fylkeskommunen, Klimapartner Vestland og kommunar om å utvikle ein felles søknad til Klimasats-ordninga som gjeld klimakrav til transport i vare- og tenesteleveransar.

Vedlegg 1: Tiltak i klimabudsjett for 2022

Tabell 1: Tiltak som reduserer direkte klimagassutslepp i Vestland

Tabell 1 inneheld tiltak som kan talfestast og tiltak som er forventta å redusera direkte klimagassutslepp i Vestland, men som ikkje så enkelt lar seg kvantifisera. Berekning av klimaeffekt av fleire tiltak i tabell 1 vert ei særleg prioritet i vidare utviklingsarbeid med klimabudsjettet.

Utsleppssektor og -kjelde	ID	Tiltak og verkemidlar	Ansvarleg	Reduksjonspotensiale
ANNAN MOBIL FORBRENNING				
<i>Dieseldrevne motoreiskaper</i>	1	Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag for Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbud)	EIG, INV, MOK/BU	Manglar talgrunnlag for EIG, INV. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart rundt 72.000 tonn CO ₂ -e.
	2	Utsleppsfrie motorreiskapar i den fylkeskommunale maskinparken	OPK, SUD	Manglar talgrunnlag
VEGTRAFIKK				
<i>Personbil</i>	3	Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland	MOK	Reduksjonspotensialet på 2.230 tonn CO ₂ -e årleg i SFJ/10 010 CO ₂ -e årleg i HFK ¹
	4	Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer	INN	Ikkje-berekna
	5	Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland	INN	Ikkje-berekna
	6	Innfasing av nullutslepps lette køyretøy i fylkeskommunal verksemd	Alle	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i 1000 tonn CO ₂ i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.
	7	Oppfølging av Strategi for mjuke trafikantar (RTP 2022-2033)	MOK	Ikkje-berekna
<i>Varebil</i>	8	Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen	Alle	Manglar talgrunnlag
	9	Innfasing av elektrisk varebil i fylkeskommunal verksemd	INV, EIG, OPK, BU, SUD	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i om lag 1000 tonn CO ₂ i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.
<i>Buss</i>	10	Nullutsleppsteknologi buss	MOK/Skyss	Ikkje planlagd nye teknologitiltak i 2022
<i>Tyngre køyretøy</i>	11	Utfasing av fossile drivstoff i fylkeskommunal verksemd - tyngre køyretøy	OPK, SUD	Manglar talgrunnlag
	12	Klimavenleg massetransport- og handtering frå bygg- og anleggsverksemd på oppdrag for fylkeskommunen	BU, INV, EIG	Manglar talgrunnlag
SJØFART				
<i>Hurtigbåt</i>	13	Elektrifisering og biodrivstoff lokale båttruter Sogn og Fjordane	MOK/Skyss	3300 tonn CO ₂ årleg/oppstart
	14	Elektrifisering og biodrivstoff Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm	MOK/Skyss	
	15	Elektrifisering Askøysambandet	MOK/Skyss	2200 tonn CO ₂ årleg/oppstart
	16	Pilotfartøy nullutslepp	Fylkeskommunalt samarbeid/MOK/Skyss	
<i>Ferje</i>	17	Elektrifisering av ferjesamband	MOK/Skyss	Ikkje planlagd nye teknologitiltak i 2022
LUFTFART				
	18	Utsleppsfri luftfart - ambisjon om få etablere pilot for utprøving av el-fly på kortbanenettet	Stat/VLFK	
AVFALL				
	19	Auka materialgjenvinning og redusert mengde plastavfall til forbrenning	Alle	Manglar talgrunnlag

¹ Utgreingar i samband med politiske saker i Vestland fylkeskommune og i tidl. Hordaland, ref. skildring av tiltaket.

Tabell 2: Tiltak som bidreg til indirekte utsleppskutt


Tabell 2 omtaler tiltak som bidreg til reduksjon i indirekte klimagassutslepp. Dette for å synleggjere arbeid for meir berekraftig forbruk og investeringar, og følgjer såleis opp strategi 2.3 i utviklingsplanen om at «Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp».

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd./eining i VLFK
Lågare klimafotavtrykk i fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt			
<i>Grønare bybaneutbygging</i>	2a	<p>Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygginga av bybanen. I hovudsak er følgjande krav sett:</p> <ul style="list-style-type: none"> All persontransport skal utførast med nullutsleppsbilar Entreprenør skal nytte køyretøy som tilfredsstiller EURO VI ved massetransport All produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi 90 % kjeldesortering <p>Det er fleire entreprenørar og ein prosjekterande som har tatt i bruk CEEQUAL som eit verktøy for å forbetre sine miljøprestasjonar.</p> <p>Det er utarbeida klimagassbudsjett for byggetrinn 4.</p> <p>I 2021 kjem det ein heil-elektrisk lastebil på anlegget som skal bidra til teknologiutvikling og redusert utslepp frå anleggstrafikken.</p> <p>I 2021 er det søkt om klimasatsmidlar hos Miljødirektoratet til å elektrifisere pumpe på betongbil. I tillegg er det søkt om og gitt midlar til å utøve livsløpsanalyse (LCA) på gras i pukkspor vs gras i betongspor (fastspor).</p>	Bybane utbygging (BU)
<i>Miljø- og klimavennlege bygg</i>	2b	<ul style="list-style-type: none"> Vestland fylkeskommune skal oppnå Breeam Excellent. Vestland fylkeskommune skal tilstrebe livsløpsnøytrale nybygg 	Eigedom (EIG)
<i>Miljø- og klimavennleg veganleggsprosjekt</i>	2c	<p>Forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt.</p> <p><i>Miljøkrav:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> Leverandør skal være sertifisert eller i prosess for å bli sertifisert etter ISO14001, EMAS, miljøfyrtårn eller liknande Krav til EURO6 og STEG4 for køyretøy og maskiner Det skal leverast EPD for asfalt, konstruksjonsbetong og armeringsstål. 	INV
<i>Lågutslepp drift av fylkesvegar</i>	2d	<p>INV har fått 1 mill. frå Klimasats til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultatata frå forprosjektet for lågutslepps fylkesvegar.</p>	INV
Energieffektivisering			
<i>Gjennomføre energi-økonomiserande tiltak i eksisterande tenestebygg</i>	2e	<p>Vestland fylkeskommune har lenge hatt mål for energieffektivisering. I avdelingsstrategien til Eigedom er det satt mål om 3 % årleg redusert tilført energi</p>	Eigedom (EIG)
Miljøsertifisering			
<i>Fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar</i>	2f	<p>Det er p.t. 20 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte . Det er eit mål å få sertifisert 10 nye skular og tanntlinikkar i 2022.</p>	SUD, OPK
<i>Stille krav om miljøsertifisering og andre relevante miljøkrav ved val av leverandørar</i>	2g	<p>Det vert stilt krav om at leverandøren skal vere sertifisert etter miljøfyrtårn, EMAS, ISO 14001 eller tilsvarande sertifisering/miljøleingsystem innan kontraktsperioden.</p>	ORO-innkjøp

<i>til fylkeskommunale innkjøp</i>			
<i>Berekraftige kantiner</i>	2h	Miljøfyrtårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matsservering. Voss og Stryn vgs er pilotskular i perioden 2020-2021 (jf. PS 173/2020) for å innføre tiltak i skulekantina. Fylkeskommunen sett også miljøkrav i innkjøpte kantineleveransar.	SUD, ORO-Innkjøp
Klimakrav i fylkeskommunale anskaffingar			
<i>Tilrettelegging for auka ombruk av varer - møbelprosjektet</i>	2i	Fylkeskommunen har spesielt fokus på sirkularitet for møblar og ei prosjektsatsing der fekk tilskott frå Klimasats i 2021.	ORO-innkjøp

Tabell 3: Andre verktøy og verkemiddel som legg til rette for vidare klimaomstilling

Tiltak og verkemiddel	
Utgreiingar	
3a	Scenarioanalyse for utvikling i klimagassutslepp i Vestland (haust 2021, CICERO)
3b	Vestlandsscenarioene (rapport 2020, EY)
Klimakommunikasjon og arrangement	
3c	Klimamagasin og årsrapport er dømer på kommunikasjon av klimahandling i VLFK. 2
3d	Kvart år arrangerer avd. for Innovasjon og næringsutvikling (INN) miljøseminar for akvakulturnæringa og klimakonferanse for landbruket
3e	Nasjonal klimaomstillingskonferansen er eit samarbeid mellom Statsforvaltaren i Vestland, Vestlandsforskning og Vestland fylkeskommune
3f	Årleg Plan, klima og folkehelsekonferanse
Regionale planar og strategiar	
3g	Regional plan for klima i Vestland (2022-2035)
3h	Regional plan for berekraftig verdiskaping i Vestland (2021-2033)
3i	Regional plan for fornybar energi (planlagd)
3j	Regional transportplan (2022-2033)
3k	Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland
3l	Miljøløftet og Byvekstavtalen
3m	Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (2023-2035)
Samarbeid og kunnskapsbygging om auka grøn konkurransekraft	
3n	Hydrogensamarbeidet på Vestlandet. Vestland fylkeskommune har sekretariatet for hydrogensatsinga
3o	Sekretariat for Klimapartner Vestland
3p	Grøn region Vestland
3q	Tilskotsordning for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling (HNV)
3r	FORREGION Vestland
3s	Handlingsplan for landbruk i Vestland
3t	Prosjektet <i>Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket</i> , leia av Vestland bondelag
3u	Tilrettelegging for elektriske fritidsbåtar (Klimapartner)
Forsking og utvikling	
3v	Regionalt forskingsfond Vestlandet; ein vesentleg del av støtta går til forsking på klimaomstilling, t.d. "Klimabudsjett 2.0".
Klima i samfunnsplanlegging	
3w	Tilskotsordning for klimatiltak i kommunar i Vestland
3x	Klimanettverk for kommunar
3y	Mentor-ordning for planleggjarar i kommunane i Vestland



vestlandfylke.no